

Årsmelding Undheim sokneråd 2023



INNHALD

UNDHEIM SOKNERÅD	3
GUDSTENESTEUTVALET	4
SUPERMIX	4
UKUF	5
UNDHEIM SUNDAGSSKULE	6
OPEN KJELLAR	6
UGLA GUTTELAG	7
TRUSOPPLÆRINGA I BRYNE, TIME OG UNDHEIM	8
LAUST OG FAST	11
ØKONOMI OG KJØNNBALANSE UNDHEIM SOKNERÅD	12

UNDHEIM SOKNERÅD

Soknerådet hadde 6 møter i 2023.

Sokneprest var sjukmeld heile 2023. Roald Byberg stod som 50% fast vikar heile 2023.

Det store fellesskapet - Den norske kyrkja - gjer at me har ein god stab tilsette som leiar kvar sine område. Trusopplæring, det administrative, diakoni og det musikalske til gudstenestene. Det gjer det lettare for dei mange trufaste og dyktige frivillige som bidreg stort i arbeidet. Born, unge og vaksne på Undheim får høyra om Jesus og læra han å kjenna. Nokon formidlar dette med ord, nokon i handling. Takk til alle som på sin måte er med på oppdraget – og til alle som ber!

2023 var val-år for nytt sokneråd. Engasjementet til å stå i valkomitè og å stå på lista til valet var labert. Soknerådet vart difor valkomitè sjølv. Etter mange nei til spørsmål om å stå på val-lista, tok dei fleste medlemmane attval, og lista vart godkjend med 2 nye namn.

Soknerådet planla for week-end hausten -23, men denne vart avlyst grunna sjukdom og litt få påmelde.

17. september hadde Undheim besøk av Jubileumsbåten. Som del av 900-årsjubileet for Stavanger bispedømme, skal båten innom alle kyrkjelydane i bispedømmet før den er framme i Stavanger Domkirke pinse 2025. Stafetten skal syne at vi er ei kyrkje som høyrer saman.

Frivillige har starta opp Open barnehage i kyrkjekjellaren igjen. Soknerådet er glade for å ha den som ein del av arbeidet for småborn og føresette.

Staben inviterte til «Fest i Undheimkyrkja» i november. Ein kveld med godt innhald, god mat og godt fellesskap.

Soknerådet gjorde vedtak om å støtta familien English i Tsjekkia og arbeidet deira for ungdomar i Aust-Europa i 4 nye år.

Noko sjukefråver har der vore, kor det meste har vorte dekkja inn med vikar.

Ofringane på gudstenestene vart fordelte.

Rekneskap og økonomi fylgd opp

*Undheim sokneråd
Hanne Brit Sandsmark
leiar*



NYTT SOKNERÅD ETTER VALET I 2023. TORDIS SANDVIK VAR IKKJE TIL STADES. FRÅ VENSTRE: PER ARNE UNDHEIM, IVAR RISA, SYNNØVE CHARLOTTE MELING GAUKSÅS, ARNFRID BJELLAND, HANNE BRIT SANDSMARK, ROALD BYBERG, ODDVAR UNDHEIM

GUDSTENESTEUTVALET

Gudstenesteutvalet består av fem medlemmar, prest, musikalsk leiar og tre styremedlemmar. Prest kallar inn til møte. Musikalsk leiar er har vore sjukemeldt. Ho er ein viktig person for oss i i utvalet.

I 2023 hadde me fire samlingar. Tre om våren og ei samling i november kor me gjekk gjennom opplegget for «vi syng jula inn». Der var det godt å ha Kari med.

Me har sett på salmane me bruker på gudstenesta. Godt å vera fleire og er til god hjelp for prest.

Vikarpresten er umåteleg glad for tankar og innspel. Godt for kyrkjelyden å ha ei slik gruppe og takk til medlemmane som held fram etter soknerådsvalet i 2023.

Roald Byberg
vikarierende sokneprest

SUPERMIX

Me starta opp igjen 17. januar, og fekk då fleire kjekke samlingar utover våren. Først ein sangdel oppe, før dei kom ned til ein hobbydel nede. Me hadde bollekonsert 14. februar. Då kom det svært mange folk, og me serverte godt med boller, som

foreldre og leiara hadde baka. Kari Reiten var med som dirigent fram til bollekonserten, men etterpå har me ikkje hatt dirigent. Samlingane har då vore ein kort andakt, hobbylaging og nokre gonger leiking.

Etter sommaren starta me opp igjen 12. september. Me hadde totalt 14 samlingar, der det var

rundt 30-35 ungar på kvar samling.

Mange leiarar var med før sommaren: Grete Aardal, Janne Vigdel Berge, Gunn Årdal Helland, Arnfrid Bjelland,

Jofrid Berge, Alfred Berge, Kari Reiten. Etter sommaren har Gunn Årdal Helland og Arnfrid Bjelland leia arbeidet med hjelp av foreldre på samlingane.

Arnfrid Bjelland

UKUF

Antall samlinger og hvor mange som vanligvis møter

Totalt 18 UKUF-samlinger (21 medregnet IMPULS, JærLAN og Jærgårds). Gjennomsnittlig oppmøte på 50 stk på ordinære samlinger frem til midten av september. I tillegg har det vært Påfyll med ca. 15 samlinger med gjennomsnittlig oppmøte på 16 stk frem til 7.september.

Hvem som har vært med og hatt ansvar

I 2023 har det vært et styre av 8 ungdommer i tillegg til Mona Handeland. Disse er: Lerke Tjøland, Christina Undheim, Mikal Marinius Aardal, Thea Haugen, Miriam Vigrestad, Tobias Undheim Rosland, Caroline Holen Storfjord og Alexander Andreas Wilhelmsen. Jon Kaspar Bjørge har våre fast frivillig leder på UKUF kveldene. Oda Vik Straume og Silje Bore Sonflå har vært med som ledere på Påfyll.

Økonomi

UKUF hadde 30 514 kr på konto 31.12.2023. Det er 4884 kroner mer enn i 2022. Det har ikke vært behov for å gjøre større investeringer i 2023. De fleste utgiftene går til arrangement og til innkjøp av mat- og kioskvarer. Inntektene våre kommer fra salg av mat- og kioskvarer, og støtte fra kommunen og Frifond.

Gleder og utfordringer i arbeidet

Gleder:

- Faste frivillige ledere Karen Bjørge og Silje Bore Sonflå var med frem til sommeren 2023. Jon-Kaspar Bjørge var med i hele 2023.
- Engasjert styre av ungdommer
- Foreldre og folk fra menigheten bidro med mat til nesten hver eneste samling i hele 2023.
- Foreldreansvarlige utenfor kirken på enkelte samlinger

Utfordringer:

- Sykemelding
- Ungdommene viser lite interesse for arrangement utenfor kirken, som IMPULS (1 deltaker) og Jærgårds (2 deltakere)
- Færre av ungdommene blir med på møte-delen av UKUF. Gjennomsnittlig oppmøte på møtedelen i 2023 var 32 stk.
- Bråk utenfor kirken, spesielt under møtedelen.

Mona Handeland, leiar UKUF

UNDHEIM SUNDAGSSKULE

2023 har vore eit godt år for sundagsskulen på Undheim. Me hadde sundagsskulen 13 gonger dette året, 7 gonger om våren og 6 gonger på haustesemesteret. Det har vore eit snitt på 21 deltagarar per samling, noko som me set veldig pris på! Me har hatt cirka 46 forskjellige registrerte barn som har vore innom 1 gong eller meir, og i 2023 var det 35 betalende medlemmar. Toppnoteringa på antall deltakarar, var då me hadde karneval i februar. Då var me heile 34 ungar, og styrar i Undheim barnehage Tove Hersdal vitja oss og heldt andakten denne dagen. Alle aldersgruppene på sundagsskulen er ilag, noko som fungerer veldig bra. Det er ein fin dynamikk mellom dei små og store, og trivselen har vore god.

Sundagsskulen startar klokka 11.00 og varer til 11.45. Nokre kjem ned frå gudstenesta, medan dei fleste møter direkte i døra.

Her er litt av det me gjer: Registrering, tenner lys og ber, synger ilag, gjer gåve til Stefanusbarna i Egypt, opnar skattekista, høyrer bibelhistorie og lagar noko eller eventuelt leiker.

Me er takknemlige for alle som kjem til Undheim sundagsskule og vårt ynskje er at nye generasjonar får lov å bli kjent med Jesus.

Leiarar i 2023 har vore: Jakob Aardal, Tage Emil Good, Hanna Tveiten, Linn Cecilie Høiland, Linda Maria Undheim, Kjellaug Wold og Gunn Siri Risa. (Pia Norunn Risa er kasserar)
Slusharar: Rudi Aardal og Sarah Mæle-Kommedal

Jakob Aardal
leiar sundagsskulen

OPEN KJELLAR

Fyrste samling i 2023 var 13. januar. Mange glade born/ungdommar på plass. 10.februar hadde me karneval. Det var stor suksess! Det kom cowboyer, prinsesser, klovner, arbeidsfolk, fotballspillere, bussjåfør, dyr, vaskemaskin og mykje anna. Me bestilte pizza som alle fekk. 2.juni var siste gong før sommaren, då var også 4.klasse invitert, samtidig som me hadde ei lita avslutning for 7.klasse.

Etter sommaren starta me opp igjen 18.august. I oktober hadde me filmkveld. Siste gong før jul var 8.desember, då hadde me nissefest og serverte grøt og saft.

Totalt hadde me 12 samlingar med gjennomsnittleg 35 ungar på kvar samling, som har kost med meg biljard, bordtennis, brettspill, airhockey og litt snop frå kiosken.

Leiarar var Oddvar Undheim, Grete Aardal og Janne Vigdel Berge

UGLA GUTTELAG

UGLA guttelag Undheim er tilslutta Det Norske Misjonsselskap.

Samlingsstad og tid: Undheim skule annankvar tysdag frå kl 19.00-20.15

Målgruppe: 4.-7. klasse guttar

Oppslutning: 15-24 guttar har møtt på samlingane.

Medlemskontigent: 50 kr

Leiar og vaksne som har vore med: Torbjørn Garborg, Amund Undheim, Vidar Undheim, Gisle Oddane, Asle Risa, Trond Stiansen og Nils Arne Fosse.

Det har vore 15 samlingar i 2023. Kveldane starta med andakt, og vart som regel avslutta med ein ja/nei quiz.

Aktivitetar: Trearbeid, innebandy, kosekveldar med servering av pølser eller pizza + leikar og konkurransar, besøk frå NMSU, basar og turar.

Det har vore jamnt godt frammøte av guttar i 2023. Eit av høgdepunkta var då me i mars besøkte bygdamuseet på samfunnshuset. Tarald Oma var med oss denne kvelden. Han og Vidar fortalde og viste rundt. Det var interessant både for store og små.

Nytt for året, var at UGLA i haust deltok i eit felles «kick off» arrangement i Bryne Kyrkje. Fleire andre fritidsaktivitetar for born var representerte her. Sigbjørn Pedersen hadde ein frisk andakt som var full av heftige kjemi-laboratorieforsøk. Det var litt få frå Undheim som møtte opp på dette, men det var gildt for oss som var til stades.

På basaren kom det inn litt over 20000 kr, som vart sendt til NMS. Turane til Mellemstrand og Sælandsskogen gjer også at UGLA har eit variert program. I det heile ser det ut til at guttane trivst på samlingane.

Me har eit ønske om å visa at Gud er glad i oss. Takk til alle dei gode medarbeidarane som er med på å gjera UGLA til ein gild plass å vera.

Torbjørn Garborg

Leiar for UGLA guttelag Undheim

TRUSOPPLÆRINGA I BRYNE, TIME OG UNDHEIM

Dåpen forpliktar oss til opplæring. Trusopplæringa skal vera eit tilbod om systematisk og samanhengande opplæring for alle døypte barn og unge uansett funksjonsnivå.

I det store perspektivet er alt barne- og ungdomsarbeidet vårt trusopplæring, men det er likevel skilnad på fasetiltak og kontinuerleg arbeid. Fasetiltaka skjer over kortare tidsrom, og absolutt alle døypte i aktuell alder skal få eigen invitasjon. Fasetiltaka er del av den omfattande trusopplæringsplanen (systematisk og samanhengande), og tiltaka blir rapporterte fortløpande. Sjå tabellen nedanfor. Det er til fasetiltaka dei overførte midlane skal nyttast.

Oversikt over fasetiltaka:

Alder	Tiltak	Oppslutning 2023 (2022) i parentes)	Anna
0 år	Dåpssamtale og dåp	Bryne: 63 (72) Time: 34 (34) Undheim: 5 (13)	1 samtale og gudsteneste
0-1 år	Babysong	Bryne: 45 av 131 = 34% (13%) Time: 18 av 66 = 27% (27%) Undheim: 9 av 18 = 50% (19%)	Samling annankvar veke
1-3 år	Småbarnstrall	Bryne: 20 av 215 = 9% (9%) Time: 10 av 98 = 10% (9%) Undheim: 0 av 38 = 0% (0%)	6 samlingar, felles for sokna
2 år	Undretur	Bryne: 13 av 76 = 17% (16%) Time: 3 av 38 = 8% (19%) Undheim: 4 av 15 = 27% (67%)	1 samling
3 år	Krøllekveld	Bryne: 15 av 71 = 21% (14%) Time: 2 av 28 = 7% (24%) Undheim: 5 av 10 = 50% (70%)	1 samling
4 år	Fireårsklubb og Barnebibel	Bryne: 39 av 75 = 53% (55%) Time: 14 av 38 = 37% (23%) Undheim: 4 av 8 = 150% (100%)	3 samlingar + gudsteneste
4-8 år, tidl. 5 år	Kor-Kickoff	Bryne: 80 av 386 = 21% (23%) Time: 30 av 183 = 16% (16%) Undheim: 2 av 62 = 3% (18%)	Felles for sokna: 1 samling
5 år Ny	Adventsklubb for 5-åringar	Bryne: 21 av 71 = 30% Time: 9 av 32 = 28% Undheim: 14 av 14 = 100%	1 samling
7 år, 1. kl	Dåpsskule for 1. klassingar	Bryne: 18 av 86 = 21% (16%) Time: 17 av 44 = 39% (30%) Undheim: 12 av 13 = 92% (72%)	B: 2 sml + dåpsskulehelg T og U: 3 saml. + dåpsskulehelg

7 år, 2. kl	Plan B – Aktivitetsdag for 2. klassingar	Bryne: 8 av 86 = 9% (1%) Time: 4 av 44 = 9% (14%) Undheim: 8 av 13 = 62% (83%)	Felles for sokna. 1 dagssamling (planleggingsdag for skulen)
8 år, 2. kl	Pinsefart for 2. klassingar	Bryne: 16 av 72 = 22% (14%) Time: 9 av 38 = 24% (27%) Undheim: 9 av 17 = 53% (67%)	3 saml. ettermiddagstid
9 år, 3. kl	Tårnagenthelg for 3. klassingar	Bryne: 21 av 109 = 19% (17) Time: 13 av 35 = 37% (14) Undheim: 18 av 29 = 62% (ikkje i 2022)	Fre/lør 5 timer + gudst. søndag. U: 3. og 4. trinn saman, annankvart år
10 år, 4. kl – Utgår	På sporet av Jesus, blir ikkje arrangert fleire gonger		1 samling lørdag
10 år – 4. kl	Gudsteneste med påskedrama	Time: 2 av 45 = 4% (ikkje vore med i rapporten før)	2 samlingar
10 år, 5. kl	Lys vaken, panlagt å ikkje gjennomføra i 2023	Bryne: (32%) Time: (24%) Undheim: (50%)	Felles for sokna: Lørdag + gudsteneste
10-12 år, Ny	Tweens kick-off	Bryne: 100 av 286 = 35% Time: 25 av 122 = 20% Undheim: 20 av 46 = 43%	Felles for sokna: 1 samling
12 år, 7. kl	Leiartrening for 12- åringar, avlyst i 2022	Bryne: 3 av 107 = 3% Time: 1 av 44 = 2% Undheim: 4 av 18 = 22%	Felles for sokna: 3 samlingar
15 år, 9. kl	Konfirmasjon	Bryne: 92 av 115 = 80% (76%) Time: 31 av 38 = 82% (68%) Undheim: 10 av 9 = 111% (73 %)	Totalt 60 timar.

Det er mykje godt arbeid som blir gjort i tillegg til dette. Her inngår blant anna:
Søndagsskular, barnekor, tweenskor, anna tweensarbeid, foreningar og speidararbeid.

Den gode utviklinga i ungdomsarbeidet har fortet frå året før. Det er mange ungdommar som samlast både i Varden, på Ukuf og UngFokus.

Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er viktig grunnlag for forming av identitet, tru og fellesskap, og gjev rom for undring og vekst. Det er viktig å balansera satsinga på fasetiltaka med eit kontinuerleg tilbod i kyrkjelydane.

Organisering: I 2023 har det vore stor optimisme, tiltakslust og innsatsvilje. Trusopplæringa har hatt gode erfaringar med større samarbeid på tvers av sokna, og har fortset med dette.

Det er også fleire arrangement på tvers av sokna. Nye digitale løysingar bidreg til endring, t.d. kan folk melde seg på og delta i eit anna sokn enn der bustadsadressa er.

Trusopplæringsstillingar:

Trusopplæringa har til saman 1,6 stillingar som er dekkja av trusopplæringsmidlar. Sokneråda har vedteke å styrka trusopplæringa med innsamla midlar, og difor er stillingane innan trusopplæringa større enn det som blir dekkja av overførte midlar.

Desse har vore tilsette i ulike stillingsstorleikar i trusopplæringa: Marit Høie Hetland, Tone Vold, Ragnhild Hanssen, Per Olav Egeland og Ingfrid Time Nærland.

Eg takkar dyktige medarbeidarar, både tilsette og uløna, for sterkt engasjement og god innsats for trusopplæringa! Det er i dette samspelet at arbeidet er mogleg å gjennomføra. Ei lita utfordring og oppmuntring går til leiarar i det kontinuerlege arbeidet om å vera med som medarbeidarar i fasetiltak for å laga linkar til deira eige arbeid.

Guds signing over arbeidet vidare.

21.02.2023

Ingfrid Time Nærland

LAUST OG FAST

Laust og fast har møte den tredje onsdagen kvar måned.

I 2023 var det 7 samlingar.

18. januar var Bjarne Undheim med. Han snakka om ulike verv, opplevingar både frå politikken og vervet som leiar av Norges Bondelag. 55 frammøtte.

15. februar fortalde Reidun Gudmestad og Ola Undheim om pilegrimsvandringar. 54 frammøtte.

15. mars fortalde Arnfinn Vigrestad om tida som ordførar. 47 frammøtte.

19. april var Morten Wahlberg, barnebarn til Magnus Espeland. Wahlberg viste bilete som farfaren hadde teke. 57 frammøtte.

29. september fortalde Sigrun Undheim Stangeland om oppveksten på Undheim. 52 frammøtte.

18. oktober var Torvald Malenius Tjåland ned. Han fortalde om oppvekst og yrke. 47 frammøtte.

30. november var Njål Sikveland med og fortalde om oppvekst i Aurenes og glimt både frå skuletida og konfirmasjonstida. 67 frammøtte.

Programmet på samlingane er nokså fast med Ord for dagen, føredrag og song. Det er alltid utlodding og matpause med god tid til drøs. Fleire frivillige kjem med mat til samlingane.

Ansvar for Laust og fast er: Else og Vidar Undheim, Tordis og Steinar Sandvik, Anne Lise Undheim og Odd Ove Tunheim.

Reidunn Haavardsholm er fast pianist.

Overskotet av arbeidet går til kyrkjestyret.



ØKONOMI OG KJØNNSEKONOMI UNDHEIM SOKNERÅD

Økonomien til soknerådet er solid for tida. Takk til alle de som støtter kyrkja økonomisk! Det kom til saman inn 320 250 i fast givarteneste. I kollekt blei det gjeve 51 932 kr til kyrkjelydsarbeidet, og 82 020 kr til andre mottakarar.

Det har vore reduserte lønsutgifter i 2023 på grunn av sjukemeldingar, og me lønar ikkje lenger prest i 50 % stilling.

Ved utgangen av 2023 var det til saman 1 313 848 kr på kontoane som soknerådet har ansvaret for. Dette er ei auke på 260 797 kr sidan året før. Nærmare 70 000 kr av denne auken kjem av at Supermix har blitt inkludert i rekneskapen til soknerådet.

I soknerådet som sat til og med 31.10.23 var det 4 menn (inkludert vikarierende sokneprest) og 3 damer. Det nye rådet frå 01.11.2023 har same fordeling (inkludert vikarierende sokneprest).

Frode Skårland

Dagleg leiar